



» « « »  
**AKTIVITETAR OG UTFLUKTER**  
**LOEN 2019**



# VIA FERRATA LOEN

Loen Active AS, 6789 Loen

Tlf: 57 87 58 00

Mobil: 90 99 99 97

[www.loenactive.no](http://www.loenactive.no)

[post@loenactive.no](mailto:post@loenactive.no)

## FAKTA:

Skogsveg frå fjordstasjonen til 170 m.o.h.

Sti i bratt terreng frå 170 til 440 m.o.h.

GJØLMUNNEBRUA (hengebru), 120 m lang, som kryssar ei 160 m djup fjellkløft.

Anbefalt aldersgrense 12-80 år.

Innsteg Via Ferrata

(gangtid til innsteg:

Klatremeter

Wirelengde

Utgang Via Ferrata

Frå utgang til Hoven:

Høgd Hoven

440 m.o.h.

ca 1 time)

950 m

850 m

900 m.o.h.

110 høgdemeter,

400 lengdemeter

1011 m.o.h.

## PRIS:

Kr 1345,- per person (min. 5 personar) inkludert sikringsutstyr og guide, samt retur med Loen Skylift (pendelbane). Barn (12-15 år): Kr 1195,-

All ferdsel i området skjer på eige ansvar.

**L** **EN**  
**ACTIVE**

## AKTIVITETAR I LOEN?

Loen Active er det nye aktivitetsselskapet i Loen, og held til i nybygg sentralt plassert i Loen. Loen Active tilbyr Via Ferrata Loen, utleige av truger og kjelkar, trøbåtar og sykklar, samt guiding til lokale turmål.

Sjå [www.loenactive.no](http://www.loenactive.no) for meir info.



# LOEN SKYLIFT OG HOVEN RESTAURANT

Loen Skylift AS, 6789 LOEN, NORGE

Tel. +47 57 87 59 00

[www.loenskylift.no](http://www.loenskylift.no)

[post@loenskylift.no](mailto:post@loenskylift.no)



I mai 2017 opna Hoven Loen - eit av dei største og mest storslåtte reiselivsprosjekta i Norge.

Frå fjordbygget startar oppstigninga med pendelbana til fjellet Hoven (1011 moh). Etter nokre minutt i luftig sjev kjem du til fjellbygget og Hoven Restaurant, der du får eit 210 graders panoramautsyn med utsikt til Skåla og Lovatnet i aust, Jostedalsbreen og Olden i sør, og ut Nordfjorden som buktar seg vidare mot Stryn i vest.

I Hoven Restaurant får du a la carte meny heile dagen i høgsesong og ein lettare "barmeny" på kvelden. Festmidagar kan arrangerast.

Frå Hoven kan du oppleve høg fjellet i eit omfattande stinett, med eller utan guide. Til fots eller på ski. Mogleheitene er mange - valet er ditt !



## LOVATNET OG KJENDALSMBREEN (halv dag)

Den vakre og ville naturen og dalen si dramatiske historie, gjer eit besøk i Lodalen til ei oppleving ein ikkje bør gå glipp av. Høge fjell og blå isbrear omgir den smale dalen, og det grønne Lovatnet glitrar i botnen av dalen. Lodalen er staden for den brearmen som er lettast tilgjengeling: Kjendalsbreen, berre 160 meter over havet.

Båttur på Lovatnet med MS Kjendal II. Båten har plass til 100 passasjerar. Den har handikappeis, kiosk og toalett. Sitjeplassar inne og ute. Kaféen ved enden av vatnet er open frå mai til september. Sesong for MS Kjendal II er ca frå 1. mai til 1. september.

Bestilling av båttur og bil/buss.: 905 34 087 / 995 13 295 / 918 48 767 (sommar) eller førespurnad til: post@kjendalstova.no.

### BÅTTUR PÅ LOVATNET (Oppsette turar nokre dagar, kun helg)

Sjå [www.kjendalstova.no](http://www.kjendalstova.no) for kva dagar båten går.

Båttur ein veg pr pers	Kr 135,-
Båttur tur/retur pr pers	Kr 240,-
Barn 6-13 år	50 % rabatt

### CHARTER TUR Sande - Kjendalsanden - Sande:

Dei same prisane for billettur (over) gjeld, men med ein minimumspris på:

Enkelttur:	Kr 4000,-
Tur / retur:	Kr 6000,-
Guide på båten:	Kr 1000,-



## BRIKSDALSMBREEN (halv dag)

Briksdalsbre Fjellstova, 6792 Briksdalsbre.

Tlf: 57 87 68 00 Fax 57 87 68 01

[www.briksdalsbre.no](http://www.briksdalsbre.no) [www.briksdaladventure.com](http://www.briksdaladventure.com) [www.olderdalen-skysslag.com](http://www.olderdalen-skysslag.com)

Gjester frå heile verda kjem for å sjå denne berømte brearmen, nydeleg beliggande mellom brusande fossefall og stupbratte fjell. Opplev Briksdalen til fots, eller køyr med "Trollbilar" frå fjellstova og opp til breen. Briksdalsbreen er tilgjengelig heile året.

Rutetider daglig i perioden 23.april - desember:

Buss	Avr. frå Loen	09:55	Ank. Briksdal	10:45	
Buss	Avr. frå Briksdal	13:30	Ank. Loen	14:30	(bussbytte i Olden)

Pris pr person med buss t/r	NOK	166,-
Pris pr mini-buss t/r	NOK	5800,-
El-bil ("Troll") per person t/r	NOK	240,-





# BREVANDRING

Briksdal Adventure AS, 6788 Olden.

Mobil: 90 13 83 08    booking@briksdaladventure.no

[www.briksdaladventure.com](http://www.briksdaladventure.com)

Brevandring på Tystigbreen - Strynefjellet, nær Stryn Sommarski. Fantastisk utsyn i alle retningar - mot Lodalskåpa (2083 m.o.h), Oppstrynsvatnet i Strynedalen og breplatået på Jostedalsbreen - den største breen på det europeiske fastlandet.

Sesong: Juli - August

Avgangar: måndag, tysdag, onsdag, torsdag, fredag

Min. alder: 12 år

Varigheit: ca 5-6 timar

Pris: Kr 1070,- pr person inkludert alt utstyr og stolheisen opp (2018-pris)

Vanskegrad: Medium

Frammøte: Ved parkeringsplassen ved Stryn Sommarski kl. 09.30

Booking: [booking@briksdaladventure.com](mailto:booking@briksdaladventure.com) // Tel.: 90 13 83 08



# RIB-RAFTING

[www.briksdaladventure.com](http://www.briksdaladventure.com)

“High-speed” tur med hurtig-gående RIB-båt. Alt utstyr inkludert i prisen. Min. 4 personar pr avgang. Max 24 personar pr avgang.

Kr 700,- pr vaksen (ca 30 min. på fjorden).    Kr 450,- pr barn.



# KAJAKK PÅ NORDFJORDEN

[www.briksdaladventure.com](http://www.briksdaladventure.com)

Opplev det fantastiske grønne vatne i Nordfjorden, omgitt av bratte fjell, brusande fossar og isblå brear. Vi startar frå Mølla gjestehus i Olden, får utdelt utstyr, og går over lista over “kva ein gjer og kva ein ikkje gjer i ein kajakk”, før vi padlar ut på brevatnet i Nordfjorden, med kurs ut fjorden. Guidane vil informere om vikingane, breane, fjordane og den vesle bygda Olden. Vi nyttar doble kajakkar, noko som vil seie at dei er svært stabile, og du kan smtale og dele opplevinga med nokon som sit rett ved sida av deg. Dette gir kajakk-padlinga ein ny dimensjon.

Pris: Kr 840,- pr person, inkludert alt nødvendig utstyr (2018-pris)

Sesong: Mai - September

Min. alder: 12 år. Ein må kunne symje

Vanskegrad: Lett

Varigheit: 2,5 timar på fjorden (ca 3 t totalt). Avhengig av gruppa, vèret og straumar

Frammøte: Mølla Gjestehus i Olden

Booking: [booking@briksdaladventure.com](mailto:booking@briksdaladventure.com) // Tel.: 90 13 83 08



# KAJAKK I LODALEN

[www.briksdaladventure.com](http://www.briksdaladventure.com)

Bli med på ei fantastisk kajakk-oppleving i den dramatiske Lodalen. På veggen over det irrgroene brevatnet mot enden av dalen, vil guiden fortelje deg om den mørke historia til denne gøymde dalen. Restane etter katastrofene i fortida viser framleis når ein passerer Ramnefjell. omgitt av grønt vatn, majestetiske fjell og romlande fossar, er det vanskeleg å ikkje bli imponert av den mektige naturen i Norge. Vi nyttar doble kajakkar, noko som vil seie at dei er svært stabile, og du kan smtale og dele opplevinga med nokon som sit rett ved sida av deg.

Pris: Kr 1240,- pr person, inkludert alt nødvendig utstyr (2018-pris)

Sesong: Mai - September

Min. alder: 14 år. Ein må kunne symje

Vanskegrad: Medium

Varigheit: 4-5 timar på fjorden (ca 3 t totalt). Avhengig av gruppa, vèret og straumar

Frammøte: Loenvatn Feriesenter

Booking: [booking@briksdaladventure.com](mailto:booking@briksdaladventure.com) // Tel.: 90 13 83 08



# FOTTURAR

Mange fotturar i nærområdet for både erfarne og ikkje-erfarne turgåarar. Ønskjer du guide? Det ordnar vi! Pris frå kr. 1600,-.

## SKÅLA 1848 m.o.h. (6-8 timar t/r)

Dette er ein spektakulær topptur med utsikt over fjord, fjell og isbrear. Du kan overnatte i Skålatårnet eller i nybygde "Skålabu". Turen passar for normalt godt trent. Det er ikkje krav om spesialutstyr på denne turen.

Ta med varme klede og nistepakke for ein dag ute i naturen.

Turen startar frå Tjugen 2,5 km frå Loen, nesten inne ved Lovatnet. Informasjonstavle og parkeringsplass. Turen startar på traktorveg, og går over på sti eit stykke oppe i skogen. God sti heile vegen. Nokre stadar er stien hellelagt, og når du kjem høgt opp går stien over i steintrapper. Stien er merka heile vegen. Skålatårnet og Skålabu er ei sjølvbetjente DNT hytter.

Kvart år vert motbakkeløpet Skåla Opp arrangert i midten av august. Skåla Opp er Nord-Europas tøffaste motbakkeløp. Både konkurranse- og mosjonsklasse.

Pris guide: Sommar kr 4.500,- Vinter kr 6.000,-



## LOSTØYLEN (2 timar t/r)

Høgaste punkt Lostøylen 300 m.o.h. Følg fylkesvegen opp til Loen Kyrkje og vidare bak i Lodalen mot Lofossen. Ta til høgre over brua, så til venstre. Følg skilt og skogsveg frå Lofossen, ver merksam på blindveg, merka med blindvegssymbol. Ta av skogsveg ca halvvegs, og gå opp til Lostøylen (3 min.). Skilta. Gå tilbake til skogsveg, følg denne nedatt til Lovik. Pris guide: kr 1.600,-



## **RAKSÆTRA / ÅRHEIMSFJELLET (1007 m.o.h.)**

Denne turen går på veg og sti frå Oppheim til Oppheimssætra, via Nøkketjønn (ta til venstre) og vidare ut til Årheimsfjellet.

Frå parkeringsplassen på Oppheim følgjer du merka veg/sti til Oppheimssætra, og held fram på steinlagd sti opp til Nøkketjønn. Her svingar stien vestover mot Årheimsfjellet. Tørr sti og familievenleg terreng heilt til toppen. Nydeleg utsikt !

Pris guide: på førespurnad.



## **KJENNDALEN / KJENNDALESBREEN (3 timar)**

Bil til Kjenndalsstova i enden av Lovatnet (eller båttur på Lovatnet med MS Kjenndal II). Turstien i Kjenndal tek deg inn i Jostedalbreen Nasjonalpark, og til brearmen Kjenndalsbreen.

Det ville, skremande og samstundes vakre landskapet, kulturhistorie, snø- og steinskred og dei tragiske Lodalsulukkene i munningen av dalen er hovudtema.

Pris guide: på førespurnad.

## **BØDALSSETER - BØDALSBREEN (3 timar)**

Denne turstien fører deg inn til den vakre Bødalsbreen. I dalen finn du spesielle moreneformer, og eit uvanleg rikt og variert planteliv. Sela og fjøsa på Bødalsetra er bygd som eit rekkjetun. Bødalen er mykje nytta som utgangspunkt til breturar, og tur til Lodalskåpa. Turstart: Ved Bødal i Lodalen.

Pris guide: på førespurnad.



## **BØDALSSETER - LODALSKÅPA (2083 m.o.h.)**

(7 timar opp, 3,5 time ned). Bil frå Bødal til endepunkt bomveg, deretter 10 min. på sti til Bødalssætra. Ta til høgre mot elva, passer bru, følg sti til vegskilje søraust for Bødalssæter (skil-ta). Følg sti til Lodalskåpa. Vått terreng. Opp Brattebakken (1600 m.o.h. Brevandring til Lodalskåpa. førar er naudsynt. Sikring i taulag, ikkje merka rute. Pris guide: på førespurnad

## **TJUGEN SETER - SANDE (2,5 timar t/r)**

Startpunkt: Tjugen, 1 km frå Loen. Endepunkt: Sande Camping. Høgaste punkt: Tjugen Seter, 425 m.o.h. Ca 1 time vandring til Tjugen Seter, følg merka sti retning søraust. Følg sti til Sande Camping. Utsikt over Lodalen og Lovatnet.

Pris guide: kr 1800,-



## STEINALDERHOLA (halv dag)

Melkevoll Bretun, Oldedalen, 6792 Briksdalsbre.

Tlf. 57 87 38 64 / 913 19 832 [www.melkevoll.no](http://www.melkevoll.no)

Ein kopi av ei steinalderhole er laga mellom enorme steinblokker. Hola har bord og benkar med plass til ca. 50 personar, med open eldstad i midten, som kan brukast til grilling. Lunsj eller middag kan ordnast for grupper. Enkle rettar eller spanande menyar frå Norsk Gardsmat.



## TROLLBU / AABREKK GARD:

Aabrekk Gard, 6791 Oldedalen.

Tlf: 57 87 38 38 [www.trollbuonline.no](http://www.trollbuonline.no)

Garden ligg vakkert til ved foten av Brenndalsbreen i Oldedalen, omkransa av høge fjell, frodige fjellsider, blåkvite brear og ville fossar. Garden har mange hus fra 1700- og 1800-talet. Ein får omvisning, og i kjellaren på hovudhuset blir det servert kaffi / te med lokal tradisjonsmat til. Dei baserer seg på mat produsert på garden, med lokal tradisjon og lokale råvarer. Dei bakar også flatbrød og brød i gammal bakarovn. Max 80 personar. Pris på førespurnad.

## BÅTTUR PÅ OLDEVATNET MED MB OLDEN

Olden Cruise AS, 6788 Olden.

Tlf: 90 12 23 89 [www.oldencruise.no](http://www.oldencruise.no)

Olden Cruise har tatt opp igjen den tradisjonsrike naturopplevinga med båttur på Oldevatnet. MB Olden tar 50 passasjerar, er ein moderne og godt utstyrt båt med stort soldekk. Båten følgjer den gamle ruta fra Eide til Rustøen, men kan stoppe fleire stader langs vantet. MB Olden har komfortabel salong med servering av mat frå lokale leverandørar. Sal av mineralvann, øl og vin i baren. Sesong: mai-oktober. Pris og opplegg på førespurnad.



## YRINESET

Magne Yri, 6791 Oldedalen.

Tlf: 90 05 59 31/41 45 54 87 [www.yrineset.no](http://www.yrineset.no)

Yrineset ligg i idylliske Oldedalen. Her kan ein samle grupper på inntil 150 personar for ei litt annaleis oppleving i naturen. Gjestane får vere med på notkast, noko som garantert gir fisk i garnet. Etterpå kan dette grillast og serverast til gruppa. Grillbuffet kan arrangerast. Langbord under tak. Om ein ønskjer fysisk aktivitet, kan ein arrangere Volleyball-turnering på sandvolleyballbana. Prisar på førespurnad.





## JOSTEDALSREEN NASJONALPARKSENTER (halv dag)

Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, 6799 Oppstryn.

Tlf: 57 87 72 00 / 91 58 00 78 [www.jostedalsbreenadventure.com](http://www.jostedalsbreenadventure.com)

Nasjonalparksenteret ligg vakkert til ved Strynevatnet i Oppstryn (RV 15). Her kan du lære meir om breen og naturen rundt han. PANORAMA FILM om Jostedalsbreen vert vist i kinosalen. Museum med film, utstillingar og ein unik villblomst hage. Utstillingar av landskapsmodellar, stein-samlingar, utstoppa dyr og bilder. Kafé og souvenir butikk.

Inngangsbillett: Vaksen kr 100,-. Barn (4-16 år): Kr 50,-.  
Grupperabattar.

Du kan reise med buss eller bil.



## GAMLE STRYNEFJELLSVEG (RV258) (heil dag)

Dette er ein av våre nasjonale turistvegar, og denne vegen (over 100 år gammal) slyngar seg over fjellet mellom Stryn og Skjåk. I mange år var denne grusvegen den einaste forbindelsen mellom aust og vest, og Statens Vegvesen har restaurert rekkja av stabbesteinar slik at turistane vil føle det som om ein køyrer den gamle vegen. Langs denne turistvegen finn du også Stryn Sommarskisenter, rasteplassar og informasjonstavler, som fortel om landskapet, geologien og omgjevnadane.

## STRYN SOMMARSKI (heil dag)

Stryn Sommarskisenter, 6781 Stryn.

Tlf: 57 89 10 10 [www.strynsommerski.no](http://www.strynsommerski.no)

Besøk Nord-Europas beste sommarskisenter. Senteret er lokalisert langs Gamle Strynefjellsveg (RV 258). Du kan boltre deg i sommarsnøen i eit område som er preparert for alle typar ski: langrenn, alpint, telemark og snowboard. Kafeteria, skiutleige og ski-butikk. Opningstider 10.00 – 16.00.

## STRYN VINTERSKI

[www.strynski.no](http://www.strynski.no) [www.strynturløyper.no](http://www.strynturløyper.no)

Her finn du gode tilbud for alle: alpin, snowboard, telemark og langrenn.

Skiturlaget Stryn-Ullsheim sine godt preparerte langrennsløyper ligg tett inntil skisenteret.

- 2 skitrekk (1200 og 1400 m)
- 6 nedfartar
- 40 km preparerte langrennsløyper
- 2 barnetrekk
- lysløype
- skileikområde
- stor parkering
- varmestove, kafé, uteservering



## NORDFJORD FOLKEMUSEUM

Nordfjord Folkemuseum, Gota 16, 6823 Sandane.

Tlf. +47 57 86 61 22      Kontaktperson: Aslaug Nesje Bjørlo

Nordfjord Folkemuseum i Gloppen er plassert i det vakre friluftsområdet Jølet, nær Sandane sentrum. Museet har 42 antikvariske hus. Mange av husa er innreidde slik dei var då dei vart nytta på 1700- og 1800-talet. Museet tek vare på gamle hus, gjenstandar og anna kulturhistorisk materiale frå dei ytste kystbygdene inn til dei inste jordbruksbygdene.

I den nye hovudbygningen er det fast kulturhistorisk utstilling, skiftande utstillingar, kafé, museumsbutikk, toalett, bibliotek og møterom. Ved E39, ved fjorden like utanfor Sandane sentrum, har museet utstilt den over 100 år gamle Holvikjekta.

## ANDERS SVOR MUSEUM

Grodås, 6763 Hornindal.

Tlf. +47 57 87 97 76 / +47 57 87 98 01      [post@sfk.museum.no](mailto:post@sfk.museum.no)      [www.sfk.museum.no](http://www.sfk.museum.no)

Anders Svor Museum i Hornindal er eit kunstmuseum, oppført til minne om bilethoggaren Anders Svor, som var frå bygda. Museumsbygget, som inneheld dei fleste av arbeida til bilethoggaren, i alt 450 arbeid, vart opna i Hornindal i 1953.

I 1992 vart museet utvida og skulptursamlinga fekk betre utstillingsrom. Museet inneheld no også eit galleri med plass for eigne gjesteutstillingar.

Anders Svor sin kunst er kjenneteikna av det enkle, reine og rotekte. Arbeida hans har ei naturalistisk form, ofte med eit romantisk drag. Anders Svor er ein av fylket sine mest betydningsfulle kunstnarar gjennom tidene, og ein sentral kunstnar i si samtid, forankra som han var i "den store tradisjonen". Han er representert kringom i landet med fleire større arbeid, mellom anna i Nasjonalgalleriet i Oslo.

Avtale om omvising skulegrupper og andre, kontakt Berit Hisdal Lunde tlf. 91313256.

## NORSK BREMUSEUM (heil dag)

Norsk Bremuseum, 6848 Fjærland.

Tlf.: 57 69 32 88      [www.bre.museum.no](http://www.bre.museum.no)

Norsk Bremuseum ligg i Fjærland, ca 100 km frå Loen. Her kan du lære om kvifor isen er blå, og korleis fjordane vart skapte. Senteret har fleire utstillingar. Panoramafilm om Jostedalsbreen vert vist i kinosalen.





## NEDREBERGTUNET

Amund og Torild Nedreberg, Bergsida, 6783 Stryn  
Tlf: +47 57 87 14 61      [www.nedreberg.no](http://www.nedreberg.no)

Garden Nedreberg ligg 3 km vest for Stryn sentrum. Autentisk vestlandstun med hus frå 1700-1800. Garden har tilhøyrt slekta frå 1600, og har vore i bruk sidan det 13. århundre. Nyrestaurert. Miljøpris 2000. Panoramautsikt. Overnatting/selskap i Nordfjordstova, 1865 og Nystova, 1850. Matstove m. bakaromn og grue for brødbaking, ølbrygging. Gardsmuseum m. mange vevde tekstilar, reiskap og kjøkenutstyr frå 1800-talet. Kurs i baking, brygging, plantefarging og veving etter nærare annonsering. Gammal skulestove til kursverksemd. Ridebane og ridestigar til fjells, utleige av fjordingar. Gammal seter på fjellet og båt ved fjorden. Tunet er ope heile året, på bestilling.

20.06-20.08: Omvising i museet dagleg kl 11-17 eller etter avtale.  
Matsservering etter avtale. Riding etter avtale.



## LIATUNET I INNVIK

Stiftinga Liatunet  
Tlf: +47 90 56 89 52 / [dag.vanberg@eninvest.net](mailto:dag.vanberg@eninvest.net)

Garden Liatunet ligg i Innvik, 25 km sør-vest for Loen. Liatunet er mellom dei eldste tuna i Innvik, men sjølve garden er ikkje nemnd før tidleg på 1600-talet. I motsetnad til dei fleste gardar frå denne tid, er Liatunet eit rekkjetun. Bygningane på garden er svært gamle, men dei er godt tekne vare på. Garden ligg høgt og fritt eit stykke oppe i lia i Innvik. Garden har sju bygningar, alle fullt utstyrte med innbu av alle slag slik det var etter den siste brukaren Brita Lien, enkje etter Peder A. Lien. I 1998 testamenterte ho tunet til Stryn kommune.

Røykstove (Nordfjordstove), nystove, stabbur, eldhus og smie, hjulhus, låve/fjøs, sag og kvernhus. Gardsmuseum med ei mengd hestereiskap og reiskap/maskiner knytt til kornproduksjon.

Tunet er ope heile året, på bestilling. Matsservering etter avtale.



## NORDFJORD PANORAMA (heil dag)

Panoramavegen på Nordsida, frå Nordfjordeid til Stryn, langs nordsida av Nordfjorden. Flott utsikt. Vegen går gjennom nydeleg landskap med mange historiske attraksjonar nær vegen.

## RUNDTUR TIL GEIRANGER (heil dag)

Avreise om morgonen, retur om ettermiddagen. Pris på førespurnad.

## RUNDTUR TIL ØYE, ØRSTA OG VOLDA (heil dag)

Avreise om morgonen, retur om ettermiddagen. Pris på førespurnad.



## UTFLUKTER MED BIL

Turar til kysten, Måløy, Selje, Vestkapp og Ålesund kan arrangerast. For meir informasjon, kontakt resepsjonen. Prisar på førespurnad.



## RUNDFLYGING MED HELIKOPTER

[www.fjordhelikopter.no](http://www.fjordhelikopter.no) Rundturar over breen og fjordane. Fjord Helikopter: Ring 97 48 40 40 for bestilling.



## FISKE

Ørretfiske i Lovatnet. Fritt. Laksefiske i Loelva og i Stryneelva. Fiskekort må kjøpast.

## FISKETUR MED BÅTEN "ISABELLA" (2-3 t)

[www.skarstein-fjordcruise.com](http://www.skarstein-fjordcruise.com)

Fisketur eller fjordtur med fiskebåten "Isabella". Avgangar frå Olden Marina i sommarsesong. Måndag-fredag kl 16.00 og 19.30. 2-3 timar. Fiskeutstyr inkludert. Andre tider samt laurdag og søndag. Ring for avtale.





## AKTIVITETAR I NORDFJORD

- Brevandring med førar (heile året)
- Sommarski
- Fjordhestriding; Ridetimar eller dagsturar i nydeleg Vest-norsk landskap
- Sykkelturar
- Fiske i elvar, vatn, fjord og hav
- Dykking i holer eller til gamle skipsvrak
- Seiling langs kysten
- Golf 9-hols bane (barnegolf - 5-12 år)
- Uendeleg utval av fjell- og fotturar
- Kart og tips
- Organiserte båtturar
- Kano-, kajakk og båtutleige
- Besøk til fjellgardar

## AVSTANDAR TIL NORDFJORD

OSLO via Otta	ca 500 km
OSLO via Fagernes	ca 470 km
BERGEN via Lavik	ca 250 km
TRONDHEIM via Otta	ca 450 km
ÅLESUND	ca 135 km
MÅLØY	ca 100 km
FØRDE	ca 100 km

## KORLEIS KJEM DU TIL NORDFJORD

### BUSS

2 gongar dagleg frå Oslo

2 gongar dagleg frå Trondheim, Bergen og Ålesund

### BIL

Sjå tabell for avstand frå dei næraste byane.

### BÅT

Ekspress båt + buss frå Bergen

Ekspress båt + buss frå Ålesund

Hurtigruta + buss frå Bergen og Ålesund

### FLY

Ørsta-Volda Lufthamn, Hovden (1 time frå Loen)

Sandane Lufthamn, Anda (1 time frå Loen)

Bringeland Lufthamn, Førde (2 timar frå Loen)

Ålesund Lufthamn, Vigra (2,5 timar frå Loen)

### TOG

Frå Oslo til Otta. Til Stryn/Nordfjord med buss

Frå Trondheim til Otta. Til Nordfjord med buss

Frå Bergen - Voss - Myrdal til Flåm.

Til Nordfjord med buss



Alle prisar er ca-prisar, avhengig av antall personar. Med atterhald om endringar.

